
Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato: 09.06.2026

Referat frå møte i regionalt planforum

Aurland kommune - kommuneplanen arealdel i prosess

5. mai 2026 kl 12.30.-14.30, digitalt på teams

Møteleiar Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Mona Elisabeth Steinsland og Ingunn B. Skjerdal

Deltakarar:

Aurland kommune

Gøran Johansen	Arealplanlegger
Kjell Bøe Bjørgum	Ordførar
Kaja Standal Moen	rådgevar
Reinhardt Sørensen	Kommunalsjef
Magnhild Aspevik	Landbrukssjef
Steinar Søgård	Kommunedirektør

Statlege instansar

Dag Endre Stedje	Statsforvaltaren
Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren
Svein Kornerud	Statsforvaltaren
Steinar Garmann Sørli	Statsforvaltaren
Kurt Kåre Sagen	Statens vegvesen
Gert Vidar Høgset	NVE
Ola Torstein Endresen	BaneNor
Turid Susort Jansen	Kystverket

Vestland fylkeskommune

Eva Katrine Ritland Taule	NPI-PKA fagansvarleg kommunal plan
Ingunn Bårtvedt Skjerdal	NPI-PKA
Mona Elisabeth Steinsland	NPI-PKA - kommunekontakt
Ingeborg Klokkersund Djupevåg	NPI-PKA Klima
Marlene Sørli	NPI-NLR vassforvaltning
Inga Petronella Lindstrøm	KFO- kulturarv nyare tid
Henriette Maria Hop Wendelbo	KFO - kulturarv arkeologiske kulturminne
Gunhild Raddum	MOK
Janne Grønli	INV

Observatørar

Kåre Martin Kleppe	politisk observatør
Åsta Årøen	politisk observatør

Kommuneplanen sin arealdel i prosess

Orientering frå kommunen - Kor er vi, kva har vi jobba med, kva står att?

Kommunen presenterte status og framdrift i arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA). Planprogrammet vart vedteke i 2022, og sidan den gong har det vore gjennomført ein brei medverknadsprosess med grendamøte, folkekontor og innspelsrundar. Det har vore god dialog med formannskapet og kommunestyret, mellom anna om utbyggingsområde for fritidsbusetnad og grovsiling av innspel. Prosessvedtak for konsekvensutgreiing (KU) vart fatta i 2025, og målet er at saka skal opp til politisk handsaming i august-september 2026.

Gjeldande arealplan er frå 2008-2009. Prioriterte tema i den nye planen er næring og bustad. Kommunen har dei siste åra bygd opp eit breitt kunnskapsgrunnlag gjennom ei rekkje utgreiingar: fortettingsstrategi (2023), jordvernstrategi (2023), funksjonell strandsoneanalyse (2023) som

grunnlag for byggegrenser, naturtypekartlegging (2023) i samband med nye byggeområde, og folkehelseoversikt (2026). I tillegg bygger planen på samfunnsdelen frå 2021, kommunedelplan kultur 2024, landbruksplan ÅLA(Årdal, Lærdal, Aurland) 2026, naturmangfaldsplan 2026 og regionale planar, mellom anna knytt til villrein og besøksstrategi for verneområde. Om lag 30 prosent av kommunen er verna etter naturmangfaldlova.

Kommunen har delteke i arealrekneskapprosjektet med Vestland fylkeskommune, og hatt seminar om landskap og arkitektur saman med fylkeskommunen. Det er politisk avklart at det ikkje skal leggjast til rette for høghus, gondol og resort med 300 senger i Flåm.

Kommunen har valt å gjere konsekvensutgreiinga (KU) sjølv, noko som har vore metodisk krevjande. Dei har mellom anna brukt Vegvesenets handbok. KU er organisert samla per tema, og formidling av kunnskapen er ein sentral del av arbeidet. Kommunen har også laga fleire notat om utbyggingsbehov, KU landbruk og konsesjon, korttidsutleige (med Holth & Winge kopla på) og fortettingsstrategi.

Av konkrete utfordringar som står att, nemnde kommunen: ferdigstilling av plankart og planomtale, ferdigstilling av KU for nye område, opprydding i føresegner, ferdigstilling av notat og samling av alle dokumenta til ein heilskap. Utfordringar knytt til gamal plan mot ny plan, korttidsutleige, besøksforvaltning, Hafslund og konsesjon, deponering i sjø, trafikktryggingstiltak, næringsareal og nydyrking er også identifiserte. Trafikksikringstiltak på E16 Aurland-Flåm er eitt av dei, og det vart nemnt om lag 20 000 sykkelpasseringar på strekninga i 2025.

Tilbakemeldingar frå statlege instansar og regionale styresmakter

Møteleiar: Kommunen jobbar grundig og skikkeleg, er imponert over arbeidet.

Tek spørsmål og innspel etatsvis

Statens vegvesen: Gjeld område som er avsett til turistnæring IO2, ingen ideell stad/område å byggje spesielt ikkje om området endar opp som bustadar, då det er veldig dårleg skuleveg. Føll opp og vil ha dialog med kommunen kring dette vidare. Kjem attende med fleire kommentarar når alle dokumenta er tilgjengeleg.

NVE: gav innspel i 2022 og det gjeld framleis! Aktsemdkart skred og flaum er oppdatert sidan då, viktig at kommunen brukar oppdatert kunnskap. Spørsmål kring fjellskred i Flåm og område-reguleringsplanen som oppfyller krav i TEK17 § 7-4 med tanke på verknadar av flodbølge. Korleis gjer kommunen det med områdereguleringsplanen?

Beredskapssenter viktig å avklare tidleg kva for krav TEK-en set til dette bygget.

Kommunen: Områdeplanen for Flåm står seg, den er så ny og kommunen vil ikkje endre på at det er den som er gjeldande for arealbruken i Flåm.

Når det gjeld beredskapssenter er det utfordring med kvikkleire og kommunen vil gjerne ta det opp med NVE før sommaren.

Føresegner, retningslinjer mm

Statsforvaltaren: Tilbyr eige møte om føresegner når kommunen har kome litt lenger. Kommunen står fritt til korleis dei utarbeider føresegnene og retningslinjer, det kan vere greitt å ha alt i eit samla dokument. Sektorlover og føringar derifrå kan vere med som informasjon, dei gjeld uansett. Korttidsutleige: Kan styre det relativt godt i KPA. Dersom det manglar heimel kan det vere eit tips å ta med ein omtale kva som går inn under dei ulike formåla. Kva som går inn i bustad og kva som er næring.

Planretningslinjer: Bruk skrivemåten det og det **gjeld**.....

Etter pbl 2008: Det er mogleg å ha meir inn i planomtalen i staden for retningslinjer. Sf tilrår å halde- på det gamle systemet, skilje mellom rein informasjon, retningslinjer og føresegn. Det er betre om retningslinjer og føresegner er i eitt dokument.

Infrastruktur og veg VLFK: Føresegn avkøyrsløse, følge opp vegnormalen. Tillate med 3 bustadar utan plan, gjer at vegnormalen vil gjelde. Turisme: gang- og sykkelavstand til sentrum, sikre krav om gang- og sykkelveg. Beredskapssenter: Illustrasjonen viste at det kanskje ligg litt tett på rundkøyringa, må følge krava der og.

Nye føringar - konsekvensutgreiing

Statsforvaltaren: Samfunnsdelen 2021 er mykje bra i med gode arealstrategiar. Oppstart 2022: fylldig merknad den gong. Etter 2022 er det kome nye føringar, SPR-ar klima og energi og

arealbruk og mobilitet. Desse må bli lagt til grunn. Planvask av gjeldande i arealdel, det er viktig å vurder byggeområda opp mot ny kunnskap/føringar. Her kan ligge store konflikhtar.

Arealrekneskap: Oversyn naturtypar, landbruk og utbygd areal er bra.

KU for enkeltområde: tabellane har utgreiing og konsekvens, rett på kommentar. Korleis har kommunen kome fram til konsekvensane? KU skal syne verdi og påverknad før konsekvens blir satt. Dette må kommunen tydeleggjera.

Tips: Sjå på Luster kommune sin KU - oversiktleg og lettfatteleg oppsett.

Tilbyr kommunen møte for å og gjennom KU i tillegg til føresegner.

Kystverket: syner til fråsegn frå 2022, ønsker at sjøtransport og hamn er tema der det er aktuelt under tema samferdsel i KU og ROS. Eige underformål med hamn.. Viser til rettleiar for sjøtransport og hamn. Kunnskapsbase ved sjø og hamn. Tek ein runde med kommunen ved behov. Få med siste revisjon av ankringsområde

VLFK Vassforvaltning: Ta med innspela frå vassområdekoordinator Christian Pettersen. KU og negativ verknad + avbøtande tiltak for eit anna utfall. Minner om å vurdere alternative lokasjonar for område som kjem ut med negativ konsekvens. Unngå å forringe, ref. vassforskrifta. Ta kontakt ved behov.

VLFK Mobilitet og kollektiv:

KU - vurdering av infrastruktur - kanskje litt for mange tema inne i den kategorien

Planvask

Kommunen opplyser at både gjeldande KPA og eldre reguleringsplanar skal gjennom planvask prosessen.

Statsforvaltar landbruk: Stor planvask til no. Mykje areal er blitt tatt ut. Tilsvaer 100 år rate. Det meste ligg i bustad, noko i bygg og anleggsformål. Brukar massehandtering for å forbetre og få nytt jordbruksareal. Statsforvaltaren krev høgare arealutnytting, gjenbruk av matjord til matjord, avgrensing av fritidsareal og spreidd-føremål mot jordbruksareal. Der er bustad formål høgt oppe i bakkane. Bra om kommunen diskuterer det som kjem fram i arealrekneskapen og redusert utbyggingsareal, at det kjem fram, vesentleg å diskutere det reelle nedbyggingsareal.

Klima

Statsforvaltaren: ser at kommunen har ambisjonar på klima. Kommunen har plan om arealnøytralitet og har på den måten laga eit utkast til eit kraftig verktøy. Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Kulturarv

VLFK arkeologiske kulturminne: Godt arbeid, kommunen har fått med det vi har bedt om ved oppstart. Sjå litt ekstra på dette med omsynssonar. Kommunen kan gjerne ta kontakt for avklaringar.

VLFK Nyare tids kulturminne: Store areal i kommunen er Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) . Dette er landskap som er i bruk og KULA er eit eige punkt kommunen vil få belyst.

KULA skal vera i retningslinjer korleis kommunen skal ta vare på verdiar og sårbarheit i landskapa. Skal finne ein måte å ta vare på dei nasjonale interessene saman. Tek gjerne eit eige møte på dette med KULA.

VLFK plan

Korleis fortette utan at det blir for tett - korleis halde på kvalitetane?

Bustader som skal vare eit liv. Skal sikre luft, dagslys og kontakt for å oppretthalde moglegheit for aktivitet. Overordna grep må sikrast i KPA og følgjast opp ved utarbeiding av områdereguleringsplan.

Avslutning:

Kommunen har gjort mykje godt arbeid, det er viktig å få fram eit planforslag til høyring. Mange av deltakarane har invitert til vidare dialog, og det oppmodar vi kommunen til å nytte seg av.

4

Vedlegg

- 1 Aurland kommune_presentasjon
- 2 Bestilling regionalt planforum KPA Aurland kommune
- 3 Føresegn_planforum_Aurland_kommune_KPA_230426
- 4 Konsekvensutgreiing kommuneplanen sin arealdel for Aurland kommune Del 1
- 5 Konsekvensutgreiing kommuneplanen sin arealdel for Aurland kommune Del 2
- 6 Konsekvensutgreiing kommuneplanen sin arealdel for Aurland kommune
METODEKAPITTEL
- 7 Notat - Utbygingsbehov
- 8 Notat_KU_Landbruk_Konsesjon